

## Ungdomslaget freistar p ny

10.02.2013



**Ungdomslaget gjev ikkje opp å få spelemidlar til opprusting av kjøken og elektrisk anlegg sjølv om dei har fått tommelen ned ved fleire høve.  
No har dei søkt påny på grunnlag av eit nytt prosjektbudsjett og opererer med ein søknadssum på 434 232 kroner.**

Eigenkapital er ført opp med 358 188 kroner. Det kommunale tilskot lyder på 70 000, lån på 200 000 og dugnadsinnsatsen er berekna tilk 240 277 kroner.

Samla kostnadsoverslag vert 1 302 697 kroner.

Då ungdomslaget fekk avslag sist gjekk svaret ut på at det ikkje var stor nok sum til disposisjon men det ikkje var noko å innvenda til søknaden. Det er grunn til å tru at den no toppar prioritetslista.

Det vert opplyst i søknaden at byggjearbeidet skal vera fullført 30.april. Det starta 1. mars i 2006,